

Verksemd: Osterøy kommune  
Avdeling(ar): Grunnskule  
Intern annonsetittel: Rektor ved Fotlandsvåg skule  
Referansenummer for annonsen:

**Stillingsbeskriving**

Namn på verksemda:	Osterøy kommune	Søknadsfrist:	14.05.2023
Overskrift:	Er du vår nye rektor på Fotlandsvåg?	Tiltreding:	01.08.2023
Rekrutteringstittel:	Rektor	Arbeidsstad:	Fotlandsvåg
Annonsetekst:	Osterøy kommune har ledig 100% stilling som rektor på Fotlandsvåg skule.		

Fotlandsvåg skule er ein barneskule som ligg i den vakre bygda, Fotlandsvåg i Osterøy kommune. Skulen ligg fint til i nærleiken til nydeleg naturområde med moglegheiter til gå i fjellet og padle i kano ved Osavatn. Skulen har eit stort idrettsanlegg, og nærområdet nyttast aktivt til undervisning og ulike aktivitetar. Skulen er den minste av dei kommunale skulane på øya og har eit tett og godt samarbeid med dei 3 andre kommunale barneskulane og med Osterøy ungdomsskule. Inneverande skuleår har skulen om lag 50 elevar og 8 årsverk. Rektor har 100% administrativ funksjon og har ein plangruppe som bidrar til skuleutviklinga.

«Lærelyst og meistring for framtida» er Osterøyskulen sin visjon. Fagfornyninga og Overordna del- verdjar og prinsipp for grunnopplæringa, ligg til grunn for dei 3 satsingsområda Osterøyskulen prioritetar: Framtidsretta læring – Sosial kompetanse og livsmeistring – Profesjonelle medarbeidarar og organisasjonar. Osterøyskulen er Olweus-skule og det skal kjennast igjen i alle ledd.

Dei tilsette ved skulen er dyktige fagpersonar som jobbar for at alle elevar skal oppleve meistring, trivsel og utvikling. Elevane skal møte lærings situasjonar som inviterer til nysgjerrigheit, refleksjon og kritisk tenking. Skulen har fokus på at alle har ansvar for å skape eit godt læringsmiljø for elevane, og eit godt arbeidsmiljø for alle medarbeidarar. Det er ein forventning at rektor leier pedagogisk utvikling i tråd med verdisyn og samfunnsansvar, i tillegg til å ha fokus på å bygge relasjonar til både elevar og personalet på skulen og i SFO. Du har ein raus leiarstil, er til stades og ser kvar enkelt elev og tilsett som ein ressurs, og er oppteken av lærarane si undervisning og elevane si utvikling og læring. Vi søker ein rektor som skapar gode overgangar frå barnehage – skule og skule-SFO.

Vi søker ein rektor som har eit sterkt engasjement til å inspirera og motivera sine medarbeidarar til å nå felles mål. Du har fokus på å leie profesjonsfellesskapet, og er samlande i prosessane slik at skulen går i same retning. Fotlandsvåg skule ønskjer ein rektor som er framtidsretta og tydeleg, synleg og relasjonsskapande. Vi søker etter ein rektor som ser verdien av medverknad på alle nivå og står i oppgåvene til dei er fullført. Du er ein synleg og inkluderande leiar som er framtidsretta, oppteken av skuleutvikling, friluftsliv og som er god på kommunikasjon og relasjon.

**Arbeidsoppgåver:**

- Leia verksemda og sikra utvikling og vekst i eigen organisasjon
- Syta for eit trygt og inkluderande læringsmiljø
- Sikra god organisering og forvaltning av eininga sine ressursar
- Leia og motivera medarbeidarar til samarbeid og kollektiv prestasjonsutvikling
- Bidra aktivt til god måloppnåing i høve mål og føringar

- Samarbeida med føresette og faginstansar

**Kompetanse:**

Krav om godkjent pedagogisk utdanning, jf. kap. 14 i Forskrift til opplæringslova  
Tilleggsutdanning innan leiing og/eller organisasjonsutvikling er ønskjeleg  
Relevant leiarerfaring, fortrinnsvis skuleleiing.  
Grunnleggjande realkompetanse om offentlig forvaltning og om økonomistyring  
Relevant undervisningserfaring

**Personlege eigenskapar:**

Du:

- har god kjennskap til oppgåvene skuleleiing inneber
- kan ivareta og vidareutvikle skulens kultur og læringsmiljø med fokus på elevanes læringsutbytte
- kan setje mål og arbeidar systematisk, langsiktig og strategisk
- har gode relasjonelle ferdigheiter og evne til å samarbeide, lytte, rettleie, inspirere og setje grenser
- er fleksibel, løysingsorientert og motivert
- er modig og støttande
- er medviten på å bruke medverking i alle endrings- og utviklingsprosessar
- er tydeleg og synleg ovanfor elevar, tilsette, føresette og nærmiljøet

**Vi tilbyr:**

- moglegheit for fagleg utvikling i eit godt fagmiljø
- ein jobb som gir meaning, meistring og profesjonelt handlingsrom
- leiarstøtte
- spanande utfordringar
- løn etter kvalifikasjonar
- Gode pensjons- og forsikringsordningar

**Publiseringskanalar**

Rekrutteringskanal	Start	Slutt
NAV	26.04.2023	14.05.2023
Finn Executive	26.04.2023	14.05.2023
Heimeside	26.04.2023	14.05.2023
Tilpassa kundekanal	26.04.2023	14.05.2023

**Statistikk**

	Totalt	Kvinner	Menn	Ukjent
Tal på søkerar	5	4	1	0
Kjønnsfordeling		80.00 %	20.00 %	0
Snittalder	47.00	50.75	32.00	0

Sist oppdatert: 30. mai 2023 11:27

**Kandidatar 1**

<b>Namn</b>	<b>Alder</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Bustadkommune</b>	<b>Noverande stilling</b>	<b>Res</b>
Lars Ask	32	Mann		Avdelingsleder	

**Kandidatar 2**

<b>Namn</b>	<b>Alder</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Bustadkommune</b>	<b>Noverande stilling</b>	<b>Res</b>
Sigrun Kverndal	47	Kvinne	Askøy	Avdelingsleder småtrinn og SFO	Nei

**Kandidatar 3**

<b>Namn</b>	<b>Alder</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Bustadkommune</b>	<b>Noverande stilling</b>	<b>Res</b>
Ingunn Margrethe Berg-Nilsen	60	Kvinne	Osterøy	Lærer	Nei

**Kandidatar 4**

<b>Namn</b>	<b>Alder</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Bustadkommune</b>	<b>Noverande stilling</b>	<b>Res</b>
Bente Holm Holm Hjortland	51	Kvinne		Daglig leder	Nei

**Kandidatar 5**

<b>Namn</b>	<b>Alder</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Bustadkommune</b>	<b>Noverande stilling</b>	<b>Res</b>
Hanne Siri SIRI Hellan	45	Kvinne	Bergen	Avdelingsleder	Nei